



BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim

# Julekonsert



## Oddgeir Bruaset

Svein T.  
Villanger

Amelie  
Knieriem

Astrid  
Skodvin

Karin  
Haugen

Hanne  
Daae

Jostein  
Hauge

Helge  
Kaland

Stig  
Skauge

Ronny  
Andvik

Lervåg bedehus

11.des kl 17.30

kr 50 / 100

Arrangør: Soknerådet og Lervåg bedehus

Nr. 09- 2018 November nummeret 47. årgang Nytt stoff innan 15. januar 2019



**KYRKJEBAKKEN**  
Informasjonsblad for Austrheim sokn





## KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35  
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90

E-post: post.austrheim@kyrkja.no  
www.austrheimkyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale  
Kyrkjeverje:

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad 93 44 29 19  
Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31  
Organist og kyrkjelydspedagog  
Jostein Hauge 40 46 62 11  
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58  
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

## KYRKJEBAKKEN

### Redaksjonen

Utgevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Svein T Villanger,  
Redaksjon: Jorunn Kårdal.  
Bankgiro: 3490.07.04196  
E-post: kyrkje@online.no

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

03.des - Besøk i Kaland barnehage  
med adventstund

04.des - Besøk i Kystbarnehagen  
med adventstund

11.des - Julekonsert med Oddgeir Bruaset  
kl. 17.30 i Lervåg bedehus

17.des - Skulegudsteneste Årås

18.des - Barnehagegudsteneste  
Kystbarnehagen kl.10

Kom gjerne og sjå på borna som  
lagar julespel

18.des - Barnehagegudsteneste Kaland kl.13

Kom gjerne og sjå på borna som lagar julespel

19.des - Avslutningsgudsteneste for Per Børge  
kl.19.00

Kom og ta farvel med Per Børge og ønsk  
han lykke til vidare

20.des - Skulegudsteneste Kaland kl.12

24.des - Julegudsteneste kl.14.30 og 16.00

25.des - Gudsteneste 1.juledag kl. 12.00.

# Juleandakt 2018



Sov, du lille, sov nå godt, du er døpt,  
ditt hår er vått.

Nå er livet godt begynt,  
dødens nederlag forkynt.  
Du er på den grønne gren,  
lille knopp, Guds øyensten.

Norsk Salmebok 589

Maria i stallen. Med det vesle nyfødde  
barnet inntil seg. Natta er mørk og stille.  
Det vesle barnet søv. Kanskje nynna ho  
på denne vakre salmen.

Og Ordet vart menneske  
og tok bustad mellom oss.

Joh 1,14

Dei vart redde. Gjetarane. For engelen.  
For Lyset. Det kom så brått. Herrens  
herlegdom. Det var uforståeleg.  
At Den Allmechtige Gud skulle gjeste  
jorderiksfolket. Som eit barn.  
Utenkjeleg. Ikkje til å tru.

Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde!

Lukas 2,10

Som eit barn kom Han. Det er uendeleg  
vakkert. At Den Allmechtige Gud speglar  
seg i det vesle menneskebarnet. Det er  
utenkjeleg. Men det er til å tru.  
Men kva med barna som ER redde. Som  
må ta omsorg for mor. Som er redd for  
far. Som ikkje kjenner glede. Som kjenner  
seg framand. På skulen. Blant vener. Som  
ikkje kjenner seg elska.

Til akkurat deg seier engelen:  
«Ver ikkje redd!»

For Han som kom, Han kom som eit  
barn. Han kom for deg. Og Han speglar  
seg i ditt andlet. Og når det skjer trur  
eg. Då trur eg på Den Allmechtige Gud.  
At Han verkeleg kom for å gjeste oss. Og  
frelse oss alle. Og Barnet viser veg.  
Til sann tru. Til Håpet. Til Himmelen.  
Og vi såg hans herlegdom,  
ein herlegdom som den einborne Sonen  
har frå Far sin,  
full av nåde og sanning.

Joh 1,14

**Velsigna jul!**  
**Prost Helge Taranrød**





# Kyrkjebøkene i Austrheim

## Døypte

**03.november:**

Trym Synnevåg  
Tiril Mari Aaland Berge  
Tilla Ulvøy  
Silja Sætre Austrheim  
Oda Pedersen Krakhella

## Gravlagde

**19.oktober:**

Ruth Bergsvik f. 1923

**26.oktober:**

Ottar Øksnes f. 1946



## Utgjevingsplan Kyrkjebakken 2019

	LEVERINGSFRIST	KB KJEM UT
Nr 1:	15. januar	31. januar
Nr 2:	12. februar	28. februar
Nr 3:	12. mars	28. mars
Nr 4:	16. april	02. mai
Nr 5:	21. mai	06. juni

### Hjartleg takk

for vennlig deltakelse og blomsterhilsener ved vår kjære Magnar Anfinn Austrheim sin bortgang.  
Hilsen Turid med familie.

### Tusen takk

for rosen jeg fikk til dagen min og tusen takk til rosebærer Britt som kom med den.

Hilsen Edit Solberg

### Hjarteleg takk

til diakoninemda for rosa eg fekk på 95 års dagen min, og takk til Målfrid som kom med den!

Helsing Helga Kårdal.

### Tusen takk

til Austrheim Diakonnemd for rosehelsing og gode ord til min 82 årsdag! og takk til rosebærer Asbjørg Lohne!

Beste helsing: Jan Foss.

### Hjarteleg takk

til diakoninemda for rosa eg fekk til dagen min.  
Takk også til Aud som kom med rosa.

Hilsen Judith Fønnes

### Varm takk

Soknerådet rettar ein varm takk til Kyrkjeprydnad for gåva på kr 10.000 til biblar for 5.klassingane og brurepara.

### Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for minnegåva som vart gitt til Nordliheimen i samband med gravferda til Roald Vikene

Hjarteleg helsing personalet og bebuarane v/Nordliheimen.

### Tusen takk

til diakonnemda for rosa som Anny kom med på dagen min.

Helsing Leiv-Magnus Solheim

### Takk

Hjertelig takk til diakoninemda for Rosen til dagen min.  
Takk til Anny som kom med den og hadde tid til en god nabo prat.

Hilsen Moritz.

### Tusen takk

til Diakoninemnda for den fine rosa, og vasen eg fekk til 80 års dagen min.  
Også takk til roseberaren Aud Karin.

Helsing Hildur Isaksen.

# Hilsen til Austrheim og Fedje

## Kjære venner!

Og jeg mener nettopp det.. kjære venner! I fire år har jeg fått bo i, og oppleve, Austrheim og Fedje. Jeg har fått møte nært sagt hver og en av dere som bor her, og jeg har fått lære av, og bli glad i dere. Her ute finnes det så mange spennende mennesker med ulike erfaringer og tanker om både tro og liv. Jeg har fått være presten deres, ja. Men ved siden av det så er det min opplevelse at dere har åpnet opp og invitert meg inn som deres venn.. Dere har fulgt meg i mine oppturer og nedturer, og dere har ikke bare tatt del i, men bevisst også både støttet, oppmuntret og hjulpet meg på så mange ulike vis. Takk! Men jeg skal altså slutte, og det er av eget valg. Min kone Kristin er gravid og vi venter en liten jente. I den store gleden over dette, har Kristin samtidig kjent på et ønske om å flytte nærmere sin familie på Jæren. Jeg har vært heldig som har fått hatt mine foreldre og søsken til glede, støtte og oppmuntring i min tid her. Det er derfor ikke vanskelig for meg å forstå hennes ønske. Da det ble en ledig stilling i Sokndal, ikke langt fra Jæren opplevde jeg en slags trygghet og fred for å søke den. Og jeg har altså fått tilbud om stillingen.



Men det er en smertefull prosess å skulle skilles fra mennesker som jeg er blitt så glad i. Tankene går til alt vi har fått oppleve sammen.

Først og fremst på gudstjenestene. Dere har gitt meg tid og rom til å få prøve og feile, og i fellesskap tror jeg at vi har fått til noe som har passet bygdene "våre". Både Fedjekirken og Austrheimkirken har for meg blitt et hjem hvor jeg har kunnet få søke oppmuntring, trøst og veiledning fra mennesker som har en visdom og klokskap langt større enn min egen. Det er min opplevelse at Gud nettopp plasserte meg i fellesskap med mennesker som for meg har blitt noe langt mer enn bekjente og venner. Jeg vet ikke noe større i livet enn å få leve i takknemlighet, og med livslange vennskap. Jeg skylder fellesskapene våre så mye. Takk!

Jeg har fått oppleve bedehus, skoler, barnehager, samfunnshus, sykehjem, ulike foreninger og klubber, som alle på sitt vis har lært meg mye om samhold, og om betydningen av vedlikehold av samhold, og hva man kan få til i fellesskap. Takk! Hvis jeg skal få oppsummere tårene jeg nå kjenner med ord, så vil jeg si takk! Jeg er glad i dere! .. og .. stol på Jesus! Klippen holder!

**Hilsen Per Børge**

## GRAVMINNER

 **Løvaas  
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)



# Julebord

**PÅ SENIORSENTERET  
ONSDAG 12. DESEMBER KL. 15.00**

Per Børge og Jostein vert med oss, vi får god julemat og skal kose oss.  
**Kr. 300,- pr. person.**  
Bindande påmelding innan 7. desember til tlf. 56 16 94 59/ 97 97 44 85.

*Hjarteleg velkomne til alle pensjonistar.  
Arr. Austrheim pensjonistlag*

## TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
22 40 00 40



**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

 **KIRKENS  
SOS**



# Himmelen i min famn

Jula har ein spesiell innverknad på dei fleste av oss. Det kjem liksom eit litt mjukare drag over oss i møte med denne tida. Sjølv om dette er den aller mørkaste tida på året trur eg like mange assosierer den lys, levande lys, og gjerne i kombinasjon med song og musikk: "Nå tennes tusen julelys...", eller "Det lyser i stille grender...".

Ein av dei nyare julesalmane er skrivne av duoen Erik Hillestad (tekst) og Carola Häggkvist (melodi) rundt årtusenskiftet. "Himlen i min famn" heiter den, og den har eg valt meg som min julesalme. Ingen syng den vakrare enn Carola sjølv, synest no eg, i alle fall!

Det er den unge mora Maria som står med det nyfødde barnet i hendene sine og er full av undring. Det er vanskeleg å heilt forstå den kjensla som må ha fylt Maria desse dagane, men det har garantert fulgt henne resten av livet. Det å få halda sitt eige barn i hendene er ei overveldande oppleving for dei fleste av oss. Men så var det englesongen, besøket av hyrdar og vismenn, og ikkje minst englebesøket 9 måneder tidlegare....

Det står fleire gonger i samband med desse hendingane: "Maria gøynde alt dette i hjartet sitt." Erik Hillestad har lagt desse orda i munnen til Maria:

**"År det själva himlen som jag gungar i min famn....."**

**Eg har ikkje lyst å forklara i hel songen. Les den sakte, og la deg fylla av undringa. Og kanskje aller helst: finn fram CD-spelaren eller søk den opp på Spotify /YouTube og lytt til Carola sin vakre tolking av julesongen.**



Vem har tänt den stjärnan som speglas i ditt öga?  
Vem tog mörket bort i herdars blick din första natt?  
Vem har flätat kronan, av strå omkring din panna  
Vem har fört tre vise till vårt stall min kära skatt?

År du en av tusen små?  
År du han dom väntar på?  
Du mitt lilla barn,  
en ängel givit namn.

År du jordens dolda skatt?  
Jag fått skydda denna natt.  
År det själva himlen  
som jag gungar i min famn.

Vem har väckt den rädslan, som lät ditt hjärta gråta?  
Varför tar din hand så hårt ett grepp om mammas  
hår?

Runt oss dansar skuggor, nu är ängeln borta  
han sa så mycket vackert, mycket mer än jag förstår.

År du en av tusen små?  
År du han dom väntar på?  
Du mitt lilla barn,  
en ängel givit namn.

År du jordens dolda skatt?  
Jag fått skydda denna natt.  
År det själva himlen  
som jag gungar i min famn.

Musik  
(gungar i min famn)

Giv att dina dagar får bli till andras glädje  
giv att alla möter dig med kärlek mild och god  
Aldrig ska jag glömma, de ord som jag fick höra  
vad som än oss händer vill de ge oss kraft och mod

År du en av tusen små?  
År du han dom väntar på?  
Du mitt lilla barn,  
en ängel givit namn.

År du jordens dolda skatt?  
Jag fått skydda denna natt.  
År det själva himlen  
som jag gungar i min famn.

Vem har tänt den stjärnan som speglas i ditt öga  
Himmeldiamanten, över staden betlehem



## LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg



**Søndag 9.des.** kl 11:00 **Møte:** Geir Talberg *Søndagsskole*

**Tirsdag 11.des.** kl 17:30 **Julekonsert**

**Oddgeir Bruaset - Lokale solister - Fellessanger**

*Se egen annonse*

**Julaften kl 14:00 JULEGUDSTJENESTE**

Andakt: Geir Talberg

Kaland Skulemusikklag deltar

*Vi ønsker alle en velsignet  
julehøytid og et fredfullt nytt år!*

**Søndag 6.jan.** kl 11:00 **Møte:** Geir Talberg

**Fredag 1. - søndag 3.febr.** Møtehelg  
m/ Hans Martin Skagestad





AUSTRHEIM

Velkommen til fotbehandling!  
Jeg holder til i lokalene til Årås  
Sanitetsforening, i Furulyvegen 31.

Julegavetips ☺

**GAVEKORT på fotbehandling!**

Filttøfler 100% ull! Tovet i Nepal



Autorisert foterapeut  
Janet H. Rebnord Talberg  
Tlf. 98613252  
austheim@basisfot.no



## SALSUTSTILLING KUNST OG GÅVEARTIKLAR GALLERI OG BUTIKK

OPEN KVAR LAURDAG 11.30 TIL 14.30

Her finn du biletkunst, glaskunst, tekstil, vev, rosemåling, origami, filting,  
nunofilting, naturleg såpe og kunstkort.  
Gåveartiklar i alle prisklassar, laga av medlemane på huset.

Gratis adgang – kom innom og ta ein titt.

*Du finn oss i Kunsthuset Austrheim  
Åråsvågen 3.*

# Juletesalg<sup>2018</sup>

LIKE VED MASTREVIK TORG

**TORSDAG 13.DESEMBER  
TIL OG MED 23.DESEMBER  
FRA KL 10.00 – KL 17.00.**

Har også stort utvalg i  
mosekransar,  
barkranser,  
hjerter og puter.

Har også julenek.  
Pris fra kr 50,-

Treng du kransar  
eller juletre  
tidlegare ring  
Tlf 957 47 903.  
Tormund Nesse.







## MASTREVIK TORG - EIN TRIVLEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvare • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

Vi er sannsynligvis en av universets største uavhengige bilverkstedkjeder...

Rune Austrheim  
Fosnøy Bilsenter AS  
Telefon: 56 16 75 50

...Så vidt vi vet. All kunnskap og erfaring er samlet i vårt verksted. [www.fosbilsenter.no](http://www.fosbilsenter.no)

**BOSCH Service**  
Car Service

For everything your car needs.

## DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## MINI FRISØRSALONG

Ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Årshøgda 10.



Timebestilling:  
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.  
Onsdag er stengt  
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset



Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35



## Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
[bygboe@online.no](mailto:bygboe@online.no)

## Vatne Begravelsesbyrå



Vi kan hjelpe til  
med rådgivning og  
tilrettelegging ved  
begravelser og  
bisettelser.

Ring døgnvakt:  
56 35 09 10  
[www.vatne-byra.no](http://www.vatne-byra.no)  
Kvassnesvegen 11  
5914 Isdalsbø

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



## BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

### HOVUDBIBLIOTEKET:

Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00  
Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00  
Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: [bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:bibliotek@austrheim.kommune.no)

### FONNES FILIAL:

Torsdag:  
Skulebibliotek frå 11:30 **GOD BOK**  
Biblioteket er ope til klokka 16:30  
Tlf.nr. 56 16 21 61  
E-post:  
[fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no)



## BASSENGET PÅ KALAND:

### OPNINGSTIDER:

Måndag kl. 17-18 Familie/born  
kl. 18-19 (foreldre med små  
born vert prioritert  
kl.19-20 Pensjonistar  
k. 20-21 Vaksne

Fredag kl. 17-21 for alle

Bassenge føl skuleruta  
og er stengt i skuleferiar.

Billettprisar: Vaksne kr. 40,-  
Born under 16 år kr 20,-



## ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

1/1 side + bakside	kr.1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-
Korte takkeannonser er gratis.	

## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

### Legevakt 116117

#### Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00  
Opningstider for publikum:  
Kl.08.30 - 15.00.  
Telefontid: 08.30 - 12.00 og  
13.00 - 15.00.

### INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

#### Årås helsestasjon

Åpningstider for publikum:  
kl 08.30- 15.00  
Helsesøster tlf. 56 16 82 11  
Jordmor:  
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)  
Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

## NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:  
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

• Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

• Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)



*Oppussing av  
gravmonumenter*

Utfører vasking,  
rensing  
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



# Ny bok frå Austrheim kyst- og sogelag



31. oktober var den store dagen! Etter 2-3 års arbeid var Vest ved Vardetangen III klar for presentasjon. Boksleppet var i Kyrkjelydshuset. Salen var full – nærare 70 menneske. Kvelden starta med vel møtt og litt info av leiaren Einar Ellingsen og vakker pianomusikk av Ida Johanne Olsen.

Atle Lervåg frå skriftnemnda presenterte boka og viste bilete. Andre frå skriftnemnda fortalde og las boktekstar.

Boka skildrar kvardagslivet i kommunen, i fest og glede, men og i sorg og slit. Mykje er fortalt av folk som stod midt oppe i det, og som hugsar godt både strevet og gleda. Landbruk er hovudtema i boka. Det tek for seg utviklinga i landbruket i Austrheim frå steinalderen og fram til 1980. I tillegg har mange skrive eller fortalt om livet på garden i deira barndom og ungdom

og skildra gardsdrift i Austrheim frå 1930-åra og fram til ca. 1970.

den nye boka kan ein lesa om den dramatisk hendinga då MS Masfjord gjekk ned ved S olesjøen for hundre år sidan, - om minner både under og etter krigen, - om fiske i 30 grader pluss og 40 grader minus, - om kjende personar i Austrheim, bjølling, fantestykke og mykje meir. Programmet vart avslutta med kaffi/te og gode kaker.

Mange kjøpte boka den kvelden. Det var også høve til å sikra seg dei to tidlegare bøkene. Men fortvil ikkje om du ikkje var der... Bøkene vert selde i Sørvisstenteret i kommunen. Det vert også boksal på Mastrevik senter og Spar Fønnes før jul.

*Helsing skriftnemnda ved Aashild Helene Hedstrøm*



## Himmel og jord møtes i natt

*Julekonsert Austrheim Songlag*

### Austrheim kyrkje

16.12.2018 kl. 20.00

Vaksne: kr. 150,-

Born: kr. 100,-

Dir.: Steinar Ebbesvik

Orgel: William Kay

Piano: Elisabeth J. Risnes


Fløyte: Kari Tresnes

Sal av billetter:

Mastrevik Bok og Papir og ved inngangen.



Mange personar står bak arbeidet med boka. I tillegg til skriftnemnda har mange skrive tekstar, teikna eller vore med på andre måtar. Her får dei som var tilstades kvar si bok. Foto: Atle Lervåg



Mikal Krossøy fortel om landbruket. Lyng var viktig både som beite og innefôr fram til 1940-åra. Foto: Atle Lervåg



# Tenn eit lite lys

TIRILTUNGE BARNEKOR



**Torsdag 6. desember**

**kl.18.00**

**Austrheim Kyrkje**

Voksen kr. 100,-

Barn kr. 50,-

Familiepris (foreldre+barn) kr.200,-

Billetter kjøpes ved inngang.

## Til kyrkja med stiletthelar



For oss som budde på Solend og ikkje hadde bil, tok det si tid å gå til kyrkje. Men til kyrkje gjekk vi i all slags ver. Dei vaksne gjekk fort, eg antar at eg småsprang mykje av veggen. Litt artig å tenkje på no, for kleda i barndommen min var ikkje akkurat tilpassa den slags aktivitet. Det var småsko, kjole eller skjørt, kåpe eller jakke og ofte ein liten hatt. Men i kyrkja var påkledningen heilt i tråd med andre framførte. I dag ser eg at skiljet mellom kvardagsklede og besteklede skapte høgtid når det var helg. Det gav ein rytme i veka som eg er er glad for at eg fekk med meg.

Men på eit tidspunkt måtte hatten vike for diverse hårfjas.

Når eg sat slik i benken med familien min – alltid langt framme på preikestolsida – las eg orda oppe i koret: «I det høge og heilage bu eg; og hjå den som er sønderknust og nedbøygd i Ånda». Kor mange år eg las dette, veit eg ikkje, men det var mange. Det var berre det at eg ikkje forstod kva eg las. Men så ein dag, eg hugsar det kjempegodt, var det som eit slør vart dradd vekk frå augo mine. Og innhaldet slo mot meg med klar meining. Dette er eit fantastisk godt minne å tenkje tilbake på: Gud bur i himmelen, og i mitt hjarta, når eg i tru har teke imot tilgjeving for syndene mine.

Eg hugsar godt møteveke med Birger Aadland som talar. Det var ransakende ord, og mot slutten av møtet invitasjon til å koma fram til alteret til forbøn. Ein kveld spurde faren min: «Vil du vera med fram?» «Ja». Det var vel mi første offentlege vedkjenning om å vera kristen, for på den tida var det konfirmasjonen som gav adgang til nattverden. På desse møta var det musikklagssang med gitarar og sikkert andre instrument også. Kanskje ei sag? Konfirmasjons-undervisninga føregjekk om sommaren i kyrkja med presten vår, Peder Solsvik, som undervisar. Dette var i 1963 og eg hugsar det som ein sommar med berre sol og fint ver.

Slik var vëret på konfirmasjonsdagen den 1. september også. Som konfirmant var eg liten og tynn. Eg måtte av den grunn på barneavdelinga for å få konfirmasjonsklede. Det vart eit lyst stripete foldeskjørt med jakke i same stoff. Skjørtet har eg enno som eit koselig minne. Det som eg mangla på kjolefronten tok eg igjen på skotøyet. Eg fekk nemleg viljen min og fekk sylspisse kule sko med stiletthælar. Og ettersom det var sommertemperatur den 1. september 1963 gjekk eg frå Solend til Austrheim kyrkje på stiletthælar - og det på grusveg! Det var ei fin høgtideleg konfirmasjonsgudsteneste, inkludert med sommarfuglar i magen i spenning over om eg kunne svara på prestens spørsmål. «Overhøyryng» kalla vi det. Og neste dag, ja om mandagen, var det nattverdgdusteneste, Eg hugsar den dagen godt enno. Kanskje fordi eg hadde sett fram til å få delta i nattverden for første gong.

To år seinare, sommaren 1965, var det ein ung journalistpire på 18 år som dekkja 100 årsjubileet for mi barndoms kyrkje for avisa Dagen. Kanskje var eg der, kanskje ikkje. Men ikkje visste eg at det var han eg vart gift med 7 år seinare. Kyrkja har vore arbeidsplassen vår i mange, mange år. Eg vart nemleg ei gammaldags prestekone i Ytre Sogn - og trivdes veldig godt med det.

Hildegunn Hove



